

Snorre Sturlason

## **Hermod på Helferd**

Om Hermod er å seia at han reid i ni netter gjennom dørke og djupe dalar så han ingen ting såg før han kom til elva Gjall og reid over Gjallarbrua; ho er kledd med lysande gull.

Modgunn er ho nemnd, den jenta som vaktar brua. Ho spurde han om namn og ætt, og sa at førre dagen reid det over brua fem fylkingar med daude menn. «Men brua dundrar ikkje mindre under deg åleine. Og ikkje har du daud manns lét. Kvi rid du på Helveg?»

Han svarar: «Eg skal til Hel og leite etter Balder. Har du sett han på Helveg, kan hende?»

Ho svarar at Balder hadde ridi der over Gjallarbrua, «og ned og nord ligg Helveg.»

Så reid Hermod til dess han kom til Helgrinda. Då steig han av hesten, spente bukjorda fastare, steig opp att og sette sporane i hesten. Og hesten gjorde slikt eit sprang over grinda at han ikkje kom nær henne.

Deretter reid Hermod fram til halla, steig av hesten og gjekk inn.

Der såg han Balder, bror sin, sitja i høgsetet. Hermod vart verande der om natta.

Om morgonen bad Hermod Hel om at Balder måtte få ri med han derifrå, og fortalde kor sår ein gråt det var på æsene.

Hel svara at ho ville ha eit prov for at Balder var så høgt elska «som sagt er. Dersom alle ting i heimen – levande og daude – græt over han, då skal han fara til æsene att, men haldast hjå Hel dersom einkvan mæler imot og ikkje vil gråte.»

Då stod Hermod opp. Balder leidde han ut or halla, og tok ringen Draupne og sende Odin til minne. Og Nanna sende Frigg ty og andre gåver, og til Fulla sende ho ein fingerring av gull.

Så reid Hermod i veg att og kom til Åsgard og fortalde om alt han hadde sett og høyrte.

Dinest sende æsene ærendsveinar ut over all heimen til å be om at Balder vart gråten ut or Hel.

Og det gjorde alle: folk og fe og jord og stein og tre og all malm – så som du kan sjå at desse ting græt når dei kjem or kulde inn i varme.

Då så sendemennene fór heim og hadde fullført ærendet sitt vel, såg dei det sat ei gyger i ein heller; ho kalla seg Takk. Dei bad ho gråte Balder ut or Hel.

Ho seier:

«Turre tåror  
Takk mun gråte  
for Balders bálferd;  
i liv eller daude  
han lite meg gagna.  
Halde Hel det ho hev.»

Og det er allmenn tru at dette var Loke Lauvøysson, han som har gjort æsene mest vondt.

Frå Snorre Sturlason: *Den yngre Edda*. Omsett av Erik Eggen

**døkke:** mørke

**lét :** farge (i andletet)

**bukgjorda:** reima under salen

**ærendssveinar:** sendebod

**gyger:** trollkvinne

**mun:** kan

## Spørsmål

1. Kvifor kjem ikkje Balder ut av dødsriket?
2. Finn allitrasjonar (bokstavrim) i Takks kvad.
3. Kva for førestillingr hadde folk tidlegare om dødsriket?
4. Les i studieboka om Dantes Den gudomlege komedien (s. 214) eller på nettet, og samanlikn dei to versjonane av dødsriket.
5. Kjenner du til andre førestillingar om dødsriket frå andre religionar og kulturar?